Høgskolen i Telemark

**Avdeling for allmenne fag**

# EKSAMEN

# I

# 5350 FORRETNINGSJUS

# 04.01.2010

Tid: 4 timer

Målform: Bokmål/nynorsk

Sidetal: 4 + framside

Hjelpemiddel: Norges Lover og/eller annen offisiell lovtekst uten kommentarer.

**Bokmål**

**Del I**

Hans Tastad og Martin Nes drev sammen snekkerbedriften Tastad & Nes ANS (T&N) som hadde spesialisert seg på produksjon av dører og vinduer etter mål. I forbindelse med restaureringen av en kirke fikk bedriften i oppdrag å lage nye vinduer og dører, som skulle se nøyaktig ut som de gamle. De gamle glassmaleriene skulle monteres i nye rammer og i tillegg skulle det settes inn isolerglass på innsiden. Det dreide seg i alt om levering av 36 vinduer og 6 dører. Tegninger med mål ble levert av byggmester Lars Holm som hadde ansvaret for restaureringen, og det ble avtalt at levering skulle finne sted innen 1. mars.

T&N bestilte straks isolerglass fra sin faste glassleverandør Glass AS, og igangsatte produksjonen av karmer og dører. Levering av glasset var avtalt til 1. februar. 15. januar fikk T&N beskjed fra Glass AS om at glassprodusenten i Belgia var gått konkurs, og at andre produsenter ikke ville kunne levere før 1. mai. Dette ville forsinke ferdigstillelsen av kirken med 2 måneder. Da Lars Holm fikk vite dette, hevet han avtalen med T&N, også for dørene som ikke hadde glass, og krevet dessuten erstatning for direkte og indirekte tap. Glassmaleriene var på dette tidspunkt overlevert til T&N, men ikke montert i rammene. Lars Holms direkte tap besto bl.a. i en avtalt bot ved forsinkelse. T&N nektet for at Lars Holm hadde hevingsrett og at han kunne kreve erstattet indirekte tap som skyldtes at han måtte frasi seg andre byggeoppdrag. T&N varslet på sin side at de ville gjøre erstatningsansvar gjeldende mot Glass AS

***Spørsmål 1***
*Kan Lars Holm heve hele avtalen?*

***Spørsmål 2***
*Kan Lars Holm kreve erstatning for indirekte tap?*

***Spørsmål 3***
*Det forutsettes her at Lars Holm gis medhold i sitt hevingskrav.*
*Kan T&N kreve erstattet sitt tap av Glass AS for å ha mistet leveransen?*

***Spørsmål 4***
*Det forutsettes her at T&N må betale erstatning til Lars Holm.*
*Kan T&N kreve erstattet av Glass AS det som de ville måtte betale i erstatning til Lars Holm?*

**Del II**

Peder Ås drev rengjøringsfirmaet Renås AS og var selv eneste aksjeeier og daglig leder. I tre år hadde firmaet hatt kontrakt om rengjøringsoppdraget for Byplan AS, et større konsulentfirma. Kontraktsperioden løp ut den 1. april. Byplan hadde lagt ut rengjøringsoppdraget på anbud og gjort det klart for Ås at hvis Renås ønsket å fornye kontrakten, måtte han redusere prisen. Den 1. mars sendte Ås derfor inn et pristilbud for en ny kontraktsperiode hvor han reduserte prisene med 9%. Han satte svarfrist til 15. mars. Byplan hadde nok ønsket en større prisreduksjon , men siden det ikke forelå andre tilbud fant eiendomsforvalter Lars Holm å måtte akseptere tilbudet fra Renås. Siden han i det lengste hadde ventet med å akseptere, i håp om å få et gunstigere tilbud, fikk han først levert aksepten

i Renås postkasse kl. 20.00 om kvelden den 15. mars. I aksepten stod det at Byplan aksepterte Renås pristilbud, men at det skulle være fast pris i hele kontraktsperioden og ikke indeksregulert pris som Renås hadde sagt i sitt tilbud.

18. mars fikk Byplan tilbud fra et annet rengjøringsfirma som tilbød fast pris som lå 15% under dagens pris. Siden Holm ikke hadde hørt noe fra Renås siden han hadde levert aksepten, fant han like godt å slå til på det nye tilbudet. Han skrev derfor tilbake samme dag og aksepterte tilbudet. Samtidig skrev han til Renås og ga beskjed om at rengjøringsoppdraget var gitt til et annet firma.

Ås reagerte straks og hevdet at det allerede var inngått bindende avtale med Renås. Til det svarte Holm at aksepten nok ikke var gyldig siden den både var levert for sent og fordi den ikke stemte med tilbudet. Ås fastholdt sitt standpunkt.

***Spørsmål 5***
*Er bindende avtale inngått med Renås?*

***Spørsmål 6***
*Hvis bindende avtale er inngått med Renås, gjelder da bestemmelsen i tilbudet om indeksregulering av prisen?*

**DEL III**

***Spørsmål 7***
*Gjørt rede for hva som menes med en rettskildefaktor og hvilken betydning rettskildefaktorer har for løsning av juridiske problemstillinger.*

**Nynorsk**

**Del I**

Hans Tastad og Martin Nes driv saman snekkerverksemda Tastad & Nes ANS (T&N) som hadde spesialisert seg på produksjon av dører og vindu etter mål. I samband med restaureringa av ei kyrkje fekk verksemda i oppdrag å lage nye vindu og dører, som skulle sjå nøyaktig ut som dei gamle. Dei gamle glasmaleria skulle monterast i nye rammer og i tillegg skulle det setjast inn isolerglas på innsida. Det dreidde seg i alt om levering av 36 vindu og 6 dører. Tegningar med mål blei levera av byggmeister Lars Holm som hadde ansvaret for restaureringa, og det blei avtala at levering skulle finne stad innan 1. mars.

T&N tinga straks isolerglas frå sin faste glasleverandør Glass AS, og sette i gang produksjonen av karmar og dører. Levering av glaset var avtala til 1. februar. 15. januar fekk T&N melding frå Glass AS om at glasprodusenten i Belgia var gått konkurs, og at andre produsentar ikkje ville kunne levere før 1. mai. Dette ville forsinke ferdigstillinga av kyrkja med 2 månader. Då Lars Holm fekk vite dette, heva han avtala med T&N, også for dørene som ikkje hadde glas, og krevde dessutan erstatning for direkte og indirekte tap. Glasmaleria var på dette tidspunkt overlevert til T&N, men ikkje montera i rammene. Lars Holm sitt direkte tap besto bl.a. i ei avtalt bot ved forsinking. T&N nekta for at Lars Holm hadde hevingsrett og at han kunne krevje erstatta indirekte tap som skuldast at han måtte seie i frå seg andre byggeoppdrag. T&N varsla på si side at dei ville gjere erstatningsansvar gjeldande mot Glass AS

***Spørsmål 1***
*Kan Lars Holm heve heile avtala?*

***Spørsmål 2***
*Kan Lars Holm krevje erstatning for indirekte tap?*

***Spørsmål 3***
*Ta som føresetnad at Lars Holm blirgitt medhald i sitt hevingskrav.*
*Kan T&N krevje erstatta sitt tap av Glass AS for å ha mista leveransen?*

***Spørsmål 4***
*Ta som føresetnad at T&N må betale erstatning til Lars Holm.*
*Kan T&N krevje erstatta av Glass AS det som dei ville måtte betale i erstatning til Lars Holm?*

**Del II**

Peder Ås dreiv reingjeringsverksemda Renås AS og var sjølv einaste aksjeeigar og daglig leiar. I tre år hadde verksemda hatt kontrakt om reingjeringsoppdraget for Byplan AS, eit større konsulentfirma. Kontraktsperioden gjekk ut den 1. april. Byplan hadde lagt ut reingjeringsoppdraget på anbod og gjort det klart for Ås at viss Renås ynskte å fornye kontrakta, måtte han redusere prisen. Den 1. mars sendte Ås derfor inn eit pristilbod for ein ny kontraktsperiode kor han reduserte prisane med 9%. Han sette svarfrist til 15. mars. Byplan hadde nok ynskt ein større prisreduksjon, men sidan det ikkje låg føre andre tilbod fant eigedomsforvaltar Lars Holm å måtte akseptere tilbodet frå Renås. Sidan han i det lengste hadde venta med å akseptere, i håp om å få eit gunstigare tilbod, fikk han fyrst levert aksepten

i Renås postkasse kl. 20.00 om kvelden den 15. mars. I aksepten stod det at Byplan aksepterte Renås pristilbod, men at det skulle være fast pris i heile kontraktsperioden og ikkje indeksregulert pris som Renås hadde sagt i sitt tilbod.

18. mars fekk Byplan tilbod frå eit anna reingjeringsfirma som tilbaud fast pris som låg 15% under dagens pris. Sidan Holm ikkje hadde høyrt noko frå Renås sidan han hadde levert aksepten, fant han like godt å slå til på det nye tilbodet. Han skreiv derfor tilbake same dag og aksepterte tilbodet. Samtidig skreiv han til Renås og ga melding om at reingjeringsoppdraget var gitt til eit anna firma.

Ås reagerte straks og hevda at det allereie var inngått bindande avtale med Renås. Til det svara Holm at aksepten nok ikkje var gyldig sidan den både var levert for seint og fordi den ikkje stemte med tilbodet. Ås fastheldt sitt standpunkt.

***Spørsmål 5***
*Er bindande avtale inngått med Renås?*

***Spørsmål 6***
*Viss bindande avtale er inngått med Renås, gjeld da bestemminga i tilbodet om indeksregulering av prisen?*

**DEL III**

***Spørsmål 7***
*Gjergreie for kva som meinast med ein rettskjeldefaktor og kva verknad rettskjeldefaktorar har for løysning av juridiske problem.*